

# **VOLLASETRA OG LANGBAKKSETRA I SUNNDAL**



**Skjøtsel 2017**

## Føreord

Slåtten på Vollasetra og Langbakksetra har som føremål å ta vare på kulturmarka i seterlandskapet kring Vollasetra.

Denne rapporten er ein oppfølgjer av liknande rapportar frå 2011, 2012, 2013, 2014, 2015 og 2016, og bygger delvis på desse.

Rapporten tar for seg kva som er gjort av skjøtsel i 2017, observasjonar som er gjort, tolkingar av det ein har observert og litt om behova vidare.

Slåtten blir utført av Naturvernforbundet på oppdrag frå Verneområdestyret for Trollheimen, og etter avtale med grunneigar Ingebrikt Vollan, og Kristiansund og Nordmøre Turistforening som bruker Vollasetra.

Det blei i 2012 laga ein enkel skjøtelsesplan for slåttemarka på Vollasetra og Langbakksetra. Denne ligg no til grunn for skjøtselen.

Det er lagt inn observasjonar på [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)  
Alle foto: Øystein Folden.

1.9.2017

Øystein Folden  
Slåttesjef og rapportskrivar

**Framsida:** I år nådde vi opp til kanten mot husa på Langbakksetra på ein bit av teigen. Lenger til høgre er det areal som er interessante for slått, lenger til venstre er det bringebær nærast fjøset og sølvbunke lenger ned, og biologisk sett ikkje så om å gjere å slå. Frå der presenningen ligg og oppover er det truleg ikkje slått sidan 1956, noko ein kan sjå spor etter i form av veksling mellom grøn og brun botn.

## Vertilhøve og beitetilstand

Det var sein vår i 2017, og temperaturen har vel vore noko under det som har vore vanleg siste åra. Det kunne verke som ein del artar har hatt litt variert tempo i utviklinga. Vi såg meir blyttsveve i blomstring på Vollasetra enn til vanleg, men det var også mykje som var blomstra av på Langbakksetra. Av engbakkeseite såg vi berre planter i blått og fiolett, ingen kvite. Ei kvitkurle var i knopp, resten var godt avblomstra. Ein del småengkall var modne og tome for frø, men det var også ein del som ikkje skrangla. Jåblomen blomstra fint. Slåttetidspunktet var ei veke seinare i år, noko som truleg var heilt greitt.

Det var litt beitemarkssopp, men det kunne sjå ut som det har vore litt ugreitt med fuktigheit og varme, for dei var ofte litt avvikande i forma.

Det såg mindre beita ut i år enn tidlegare år, men det gjekk ei søye med eit lam på Vollasetra. Det var også noko kuskitt på Langbakksetra, så litt beiting har det vore.

På dagen fredag og på morgonen laurdag og søndag var det så vidt opplett. Resten av helga var det meir og mindre vått. Det var ikkje tørk på noko av slåttegraset.



**Figur 1.** Ljåen bit godt, men elles er 100% luftfuktigheit mest til bry.

## Slåtten 2017

Det har ikkje vore nokon tur på Vollasetra tidlegare i år, så denne gongen er det berre slåttedagane som ligg til grunn for det som er sett og gjort.

Slått blei i 2017 gjennomført 18. – 20. august. 7 personar deltok. Det var mange som hadde lyst til å slå med ljà, så vi prioriterte slått av større areal på Langbakksetra, og nedprioriterte noko blåbærareal. Knut sin kompetanse på å fjerne småbjørk blei dessutan nytta fullt ut.

Det blei slått på vestre del på Langbakksetra på fredag på dagen, og det blei fjerna bjørk på eit felt nedanfor der det blei slått. Det blei slått noko blåbærrområde også i dette området.

Fredag på kvelden blei omtrent heile den nedre teigen på Vollasetra slått, men på eit område oppe ved stien heilt i sør blei det berre merka av for kvitkurle.

Laurdag på førsteøkta slo vi dei austre delane av Langbakksetra og det blei fjerna bjørk på eit felt nedanfor der det blei slått, rett vest for kalksiget. Dei midtre delane som har vore slått i fleire år let vi vere i år, prioriterte andre areal.

På andreøkta blei resten av arealet på Vollasetra slått. Det blei rydda småbjørk på eit område ned for stien, mot aust.

På søndag morgon blei det slått ein del blåbær på nedre teigen, og det blei slått rundt kvar enkelt kvitkurle, finnskjegg rundt kvitkurlene blei spart. Føremiddagen blei brukt til å fjerne gras og opprivne bjørk på Langbakksetra og delar av Vollasetra. Ettermiddagen blei brukt til å fjerne gras på nedre teigen på Vollasetra, og litt småtteri elles.

Nedanfor fjøset er grunnen mykje uroa i byggetida og blei ikkje slått. Midt på stykket som ikkje blei slått var doavfall grave ned, og grave opp igjen av dyr. Området ser ugreitt ut, og må få ei betre løysing.

Der det tidlegare var lagra materialar på oppsida av selet/fjøset gjorde vi ikkje noko. Spora etter utgraving av torv er der framleis, og høymole og anna har tatt over.

Det er også ein del problem rundt eldhuset, så heller ikkje der har vi slått.

Bortsett frå nokre små flekkar kring kvitkurle, litt av haugen i nordvest på nedre teigen og ei lita stripe kring engbakkesøte på «Mellomstykket», er det ikkje sett igjen noko dette året. Kring nokre av kvitkurlene er det lagt på ein liten lauvtrekvist for å skjerme litt for sauebeiting. Der det er slått blåbær på nedre teigen er det lagt på litt av det andre slåttegraset med tanke på frøing.

Vi har fjerna høymole frå området mellom selet og fjøset, og på bakken nedanfor. Det har i alle fall ikkje minka sidan tidlegare. Dette er lagt i graskomposten ned for eldhuset. Denne komposten har frøbank av høymole frå før, så problemet er då samla på ein stad.

## Areal med skjøtsel



**Figur 2.** Nedre teigen ved Vollasetra, før slått. I nerkant ser ein blåbærfelt, elles ser teigen no mest ut som setervoll.




**Figur 3.** Nedre teigen sett heilt frå enden. I framkant eit område som har vore prega av blåbær og fugletelg, slått dei to siste åra. Framleis ser ein at grasartar og urter manglar. Difor har ein tatt litt av slåttegraset frå andre stader og lagt på, slik at ein får frøing. Litt over midten av biletet og til venstre kan ein sjå flekkar som ikkje er slått, rundt kvitkurler. Dei små bjørkene sto ein gong i overkant av blåbærfelta. Fleire av blåbærfelta i høgrekanten av biletet er no øyer.



**Figur 4.** Nedanfor fjøset er det eit areal nesten like stort som fjøset som KNT har rota med. Dette har tapt sine biologiske verdiar og det er slåttemessig ulendt, så vi prioriterer andre areal først, men fjernar høymole for å unngå spreing til resten av areala.



**Figur 5.** Det er synd for resten av arealet at ein ikkje får til å rydde «utstillingsarealet» nedanfor fjøset.



**Figur 6.** Knut med greinsaksa, alltid på utkikk etter småbjørk som kan fjernast. Røtene blir klipt ca. 5 cm under overflata, slik at ein ikkje merker noko til treet når ein kjem med ljåen seinare. Det kan sjå ut som eit stort tal av desse røtene døyr. Frå nokre kjem det opp nytt lauv, men så tynt at ljåen tar det i alle fall om ein kjem der med slått innan to år.



**Figur 7.** Det blei tatt noko mindre lauvtre nedanfor stien til høgre, men elles er det same areal som tidlegare som blei slått.



**Figur 8.** Fotografen står på stien, fjøset ligg litt utanfor biletkanten oppe til høgre. Alt som ein ser er slått på dette biletet hadde ulik grad av blåbærinnslag og ein del småbjørk og vier i 2011. På heile området finn vi no marinøkkel, og ein del engbakkesøte. Det lugger framleis litt i blåbær, men slåttestrukturen er i ferd med å vende tilbake.



**Figur 9.** Eit område på ein liten rygg nede på vestsida på Langbakksetra, der det er bjørk med blåbær og røslyng under, før slått 2017.





**Figur 10.** Same område som i figur 9. Einerbusken i framkant syner øvst på figur 9.



**Figur 11.** Resultat av 3,5 timar slått og 3,5 timar arbeid med bjørk, på fredag. Slått areal utgjer ca. 500 m<sup>2</sup>. Einerbusken som syner på figur 9 og 10 er her til høgre for midten. Fjerna bjørk og gras blir lagt i nerkant av skjøtselsarealet, bak dei kraftigaste bjørkene midt i biletet.



**Figur 12.** På det meste var det 5 ljåer i sving samtidig dette året. I venstre kant er det eit større område med sølvbunke, på nedsida av fjøset, elles er det no mykje areal med grei slåttestruktur, men område med innslag av blåbær.



**Figur 13.** Graset blir raka av. I år var det ikkje tørt, så det blei raka av etter kvart som vi rakk det. Det er ikkje mangel på frøbank enda i dette restaureringsprosjektet.



**Figur 14.** Biletet er tatt så langt nordvest som vi fekk slått, mot søraust. I framkant ser vi litt brunare felt der det har stått firkantperikum og truleg begynnande blåbæroppslag. Midt på biletet ei øy med blåbær som vi gnagar litt av kvart år. I høgre kant ser vi også blåbærfelt som vi reknar med å gnage litt meir av framover.



**Figur 14.** Omtrent same areal som i figur 9, etter at det er rydda og delvis slått. I overkant i høgre halvdel ser vi eit felt med fiolett farge av kvein, og på oversida eit uroleg felt med mykje sølvbunke. Det er slått noko i sølvbunkeområdet tidlegare, men lite i år.



**Figur 16.** Langbakksetra, før slått i 2017.



**Figur 17.** Langbakksetra, slått areal 2017 innramma omtrentleg med svart. I vestre felt er det eit mindre blåbærareal som ikkje er slått. I nerkant to område med blått der det er fjerna bjørk i år. Gul pil viser ein overgang mellom areal slått i 2015 og det som no truleg er slått for første gong sidan 1956 på oversida.

### Observasjonar 2017

Vi fann i år heile 10 individ av kvitkurle (3 individ i 2016) på den nedste teigen på Vollasetra. Det var dunhavre mange stader dette året, marinøkkel er vanleg mange stader, men vi såg berre den vanlege arten. Engbakkesøte finst på dei stadene vi har sett planta dei siste åra på Vollasetra. På Langbakksetra såg vi gjerne meir engbakkesøte enn tidlegare år, mest oppe og nede på den austre delen som blei slått.

### Uønska artar

Vi observerte fleire av granene med kongler på nordsida av Vollasetra.

**Tidsbruk:**

Det er utført slått og anna skjøtsel med 100 timar, inklusive gangtid og rapportering.

**Reiskap:**

Tilgang 2017: Sommerfuglboka, tynn ståltråd, ljåorv, nøkkel til klave. Avgang: Ein presenning utslitt og tatt med ned, ein som ikkje toler full sesong 2018, så det er behov for to nye presenningar. Elles er det behov for to fingraderte bryner, og glassfibertape og skrujarn manglar framleis.

Det som ligg tilgjengeleg på setra no er:

Greipp - 1 stk, rive - 4 stk, greinsaks - 3 stk, hagesaks - 1 stk, beskjæringssaks - 2 stk, sag - 1 stk høygaffel - 2 stk, presenning - 2 stk, bryne - 4 stk, ljå - 2 stk, ljåorv 1 stk, ljåblad - 3 stk, slipestein - 1 stk, lita røyrtang - 1. Litteratur: Lid, Norsk flora. «Våre skalbaggar», Norges sommerfugler.

**Endringsbehov:**

På nedre teigen på Vollasetra står det igjen ein liten rest med blåbærareal som ikkje bør overleve slåttan i 2018. Då bør bjørkene som til no har vore referanse også fjernast, etter at det er tatt dokumentasjonsbilete.

På Langbakksetra bør ein no få slått i nerkant igjen, og midtpartiet som vi ikkje slo i år. Viss det blir høve til å ta meir, er det meir som er nokolunde greitt å slå nordaust for der vi slo i år. Sølvbunkeområdet nedanfor bringebærområdet nedanfor fjøset gror ikkje til med skog, så det kan vente. Der er det heller ikkje spesielle biologiske verdiar. Mot nordvest er det nok også mogleg å utvide litt til og der er det framleis litt blåbær, men vi nærmar oss no eit område som er humpete og som er uaktuelt å slå i alle fall.

Elles er det ønskeleg å bygge opp fagbiblioteket vidare, så det er enklare å få bestemt ein del artar på staden, i tillegg til at fleire får gleda av å sjå på kva som finst. «Vokshatte» som er utseld frå forlaget er veldig aktuell, viss ein kan få tak i den.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal mottar driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, og har forplikta seg til å opplyse om dette på våre publikasjonar.
---

